



Uskedal musikklag stiller alltid opp og hjelper Friluftslaget med inntekter til drift av plassen (Arkivfoto).

I morgon, tysdag 11. august kl. 18.00 vert det skipa til ein uformell og publikumsvenleg konsert på Stemneplassen. Uskedal Musikklag og Rustne Menn står for programmet. I tillegg vert det leikar og vedlotteri. I det fine veret kan det bli ei gild stund for fastbuande og tilreisande gjester.

Styret i Uskedal Friluftslag vil dessutan syna fram plassen, kva som er gjort ute og med scenebygget å langt og sei litt om planane vidare. Taket inne er rive for å finna årsaka til fukt i bygget. Ute er det planert, sådd og gjort klar for ein litt større oppstillingsplass for bilar.

Uskedal Musikklag har øvd i heile sommar og er klar for ein sommarkonsert. Rustne Menn har laga sitt eige allsonghefte. På konserten vert det både soloframføringar og songar frå hefte.



[Rustne Menn med motiv frå Dønhaug med Ulvanoso i bakgrunnen.](#)

Vedlotteriet med trekning 1. september har nådd ei inntekt på kr. 10.000,-. I ei koronatid vert det ikkje lagt opp til loddsal, men med høve til å støtta vedlotteriet med Vipps og overføring til konto.

VIPPS: 605565

Bankkonto: 3460.07.53659

Tekst/ nett: Kristian Bringedal

Foto: Kristian Bringedal / Ronny Pedersen



Styremedlem Audun Eik syner grovplaneringa av ein noko større parkeringsplass.